



Thomas Sahr (20 år) frå Byggmester Stensletten har avlagt fagprøven og er fagarbeidar som snikkar.

Born og vaksne, som var innom kjellaren i Gamleskulen i går på Julegrantenninga, fekk ei uventa oppleving. Renoveringa den siste tida er godt synleg og kjellarlokale er godt eigna til ulike aktivitetar. Ung arbeidskraft frå Byggmester Stensletten har dei siste tre vekene plata, kledd og lista. Egil Myhre og fleire frå styret i Uskedal Utvikling har mellom anna reingjort, målt taket, rydda og klargjort kjellaren til bruk no i helga.

Thomas Sahr i byggefirma Byggmester Stensletten, 20 år, kjem frå Kaldestad. Han har vore lærling i to år og tok fagprøven berre for nokre veker sidan. Thomas starta arbeidet sitt i kjellaren som lærling og avslutta no før helga med ferdig fagprøve og dermed fagarbeidar. Før det var han elev på byggfag på Kvinnherad Vidaregåande skule.



[Thomas Sahr og Richard Hjelmeland i arbeid med plating og listing i Gamleskulen.](#)

Thomas Sahr med noko hjelp frå kollega Richard Hjelmeland har plata vegger og tak i fleire rom, kassa inn dragaren og lista. Det er isolert og kledd rundt alle vindaugo. Richard Hjelmeland (27) frå Valen har vore snikkar i firma BS i to år. Byggmester Stensletten har godt med arbeid. Det gjeld alt frå nybygg til renovering og rehabilitering.

Neste steg i arbeidet med kjellaren i Gamleskulen er ferdigstilling av teknisk rom, bad/toalett og lager. Vassboren varme i golvet må setjast i drift. Eit mindre kjøkken er også ein del av prosjektet.

Arbeidet held fram så langt økonomien strekk til. Det er så langt løyvd byggetilskot frå kommunen og tilskot til byggesteg 1 frå SpareBank 1 stiftinga Kvinnherad. Den siste tildelinga frå SpareBank 1 stiftinga Kvinnherad gjeld handikoptoalett oppe i gangen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Alle vindaugo i kjellaren er no nye.